

Liedutvalet  
Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

## **Innspel til Liedutvalets rapport om struktur og innhald i vidaregåande skule**

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans er ein landsomfattande interesse- og medlemsorganisasjon for folkemusikk og folkedans. FolkOrg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse.

Organisasjonen har i dag om lag 4500 medlemmer og 160 medlemslag. Blant våre medlemmer er både profesjonelle musikarar og dansarar, amatørar, spel- og danselag, arrangørar, instrumentmakarar og pedagogar.

### ***Merknad til Liedutvalets rapport***

FolkOrg meiner det er positivt at Liedutvalet ser verdia av landslinene som gir eit tilbod i små, verneverdige fag som har ein kulturell verdi. På Vinstra vidaregåande skule har dei landslinene for folkemusikk. Elevane som har gått på lina, har i stor grad tatt høgare utdanning i folkemusikk, og dei held eit høgt nivå. Det er ikkje uvanleg at ein føler seg litt åleine når ein vil satse på folkemusikk og kanskje bur på ein stad der ikkje så mange driv med det same. Det å då kunne gå på ei landslin der ein møter fleire med same interesse, og lærarar på høgt nivå, er av stor verdi. Mange av våre beste profesjonelle utøvarar innan folkemusikk har vore elevar ved Vinstra vidaregåande skule. Det er til dels eit rikt utval i tilbod innan folkemusikk i kulturskulane fleire stader i landet, det er også fleire tilbod på høgare utdanning innan folkemusikk. Men når det gjeld vidaregåande skule er Landslina på Vinstra einaste tilbod. Det er limet mellom kulturskulane og høgare utdanning, og mister vi den mister vi noko viktig. Det er viktig for folkemusikkmiljøet at folkemusikklinja held fram.

I utkast til læreplan i musikk i perspektiv, står det under fagets relevans og sentrale verdiar: «Gjennom faget får elevane erfaring med hvordan mangfold, kultur og identitet kommer til uttrykk i musikklivet» Vidare står det: «*Alle fag skal bidra til å*

*realisere verdigrunnlaget for opplæringen. Faget skal bidra til å gi elevene innsikt i og erfaring med en riktig og mangfoldig musikkarv. Det legger til rette for at elevene blir bevisste sin egen musikalske og kulturelle identitet. Utforskningen av egen og andres musikkultur kan gi forståelse av hvordan musikk danner rammer om fellesskap og markerer egenart, og gjennom dette er med på å forme samfunnet. Dette omfatter det samiske urfolket og våre nasjonale minoriteters kultur».*

Dette er viktig, men i tillegg meiner vi at også vår majoritetsbefolknings musikalske kulturarv bør nemnast spesifikt i setninga som kjem til slutt der. Sjølv om det er majoritetsbefolkningas kulturarv det er snakk om, er det diverre veldig mange i Noreg, kanskje eit fleirtal, som ikkje er kjend med vår folkemusikk og folkedans. Då ville det i tillegg til på landslina i folkemusikk, bli undervist i musikkfaga generelt i vidaregåande skule. Tilsvarande i læreplan i ergonomi og bevegelse, bør det folkedans nemnast særskild under avsnittet musikk og bevegelse. Noreg har ratifisert Unescos konvensjon om immateriell kulturarv, og har difor også ei ekstra forplikting til å ta vare på mellom anna vår eigen kulturarv slik folkemusikken og folkedansen er. Landslina i folkemusikk er eit viktig ledd i å oppfylle den konvensjonen.

FolkOrg stiller seg elles bak høyringsinnspølet frå Creo ved forbundsleiar Hans Ole Rian.

Med venleg helsing

Linda Dyrnes  
Dagleg leiar